

Ove Rasmussen  
Hestnesvegen 124  
5919 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/1922 - 21/43528

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
25.08.2021

## **Førehandsvarsel om pålegg om opprydding og ilegging tvangsmulkt - gbnr 325/56 Fosse**

Alver kommune mottok den 24.02 2021 ei bekymringsmelding med informasjon om at det ligg mykje boss og at det er observert bossbrenning på eigedommen din, med adresse Fosse, 5919 Frekhaug. Det er ikkje blitt informert om kva type boss det dreier seg om. Det blir meldt om at ein del boss spreier seg i nærområdet som følgje av brenninga. Vidare blir det meldt om at sidan det ligg mykje boss og flyt rundt omkring på eigedommen, og når dette blir liggande, spreier det seg rundt omkring i naturen i nærområdet. I nærområdet går det i tillegg beitedyr, som, dersom dei kjem seg inn på eigedommen din, vil kunne ta skade av restavfallet, viss dei et av det. Det er og blitt observert ein god del dyre-ekskrement på marken.

Alver kommune har ikkje motteke tilbakemelding på brevet av 18.03.2021.

Kommunen varslar med dette at vi vurderer å påleggje deg som grunneigar å rydde opp på eigedomen med gnr. 325, bnr. 56 Fosse. I dette brevet finn du informasjon om kva du kan gjere for å unngå pålegg.

### **Kommunens oppgåve og mynde**

I forureiningslova § 48 er ei av kommunale oppgåvene at kommunen skal føre tilsyn med ureiningssituasjonen i kommunen. Etter forureiningslova § 37 1. ledd kan kommunen gje pålegg ovanfor den som har oppbevart avfall i strid med § 28.

### **Grunngjeving for førehandsvarsel om pålegg og tvangsmulkt**

Kommunen reknar gjenstandane på eigedomen din som avfall i høve til forureiningslova § 27, 1. ledd. Dette gjeld uansett kva for grunn du har til å oppbevare dei på eigedomen.

Det er vidare etter forureiningslova § 28, 1. ledd eit generelt forbod mot å etterlate eller oppbevare avfall slik at det kan «virke skjemmaende eller være til fare eller ulempe for miljøet». Føresegna gjeld og forsøpling på eigen eigedom. Etter føresegna i § 28, 3.ledd stillast det krav til forureinaren om å rydda opp.

Styresmaktene stiller strenge krav til behandling av avfall.

Tilhøva representerer eit alvorleg problem med tanke på forureining. Vidare kan lagringa av gjenstandane mm. virke skjemmaende og gi nedsett trivsel for turfolk, naboar og eventuelt

andre brukarar i nærområdet. Alver kommune kan forby oppbevaring av gjenstandar «når det etter kommunens skjønn vil gjøre opphold eller ferdsel farlig, virke sterkt skjemmende eller være til vesentlig ulempe», jfr. plan-og bygningslova § 28-5. Vi viser i den samanheng til at oppbevaring av denne type avfall kan vere farleg for forbipasserande, til eksempel for born og for dyr.

### **Varsel om pålegg**

Med heimel i forureiningslova § 37 1. ledd varslar Alver kommune om at vi vil påleggje deg å rydde opp dersom vi innan **31.10.2021** ikkje har motteke ei skriftleg tilbakemelding med dokumentasjon frå deg om at du allereie har rydda opp.

### **Frist**

Dokumentasjonen må sendast kommunen **innan 31.10.2021**.

### **Kva kan du gjere no?**

For å unngå pålegg må du gjere følgjande:

- Fjerne gjenstandane mm. og rydde området.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding med opplysningar om at du har rydda opp, samt bilete dokumentasjon.

### **Dykkar rettar:**

Du har rett til å gje uttale før det blir fatta vedtak om opprydding. Det vert gjeve ein frist på **3 veke** frå mottak av dette brevet til å svare på førehandsvarselet. Alver kommune oppmodar deg om å nytte uttaleretten.

Vi svarar gjerne på spørsmål på telefon nr. 5637 5000 eller du kan sende e-post eller post til

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no).
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Aktuelt regelverk**

- Kommunens tilsynsplikt følgjer av forureiningslova § 48
- Definisjon av avfall følgjer av forureiningslova § 27
- Forbod mot forsøpling følgjer av forureiningslova § 28.
- Definisjon av forureining følgjer av forureiningslova § 6
- Forbod mot forureining følgjer av forureiningslova § 7
- Ilegging av tvangsmulkt følgjer av forureiningslova § 73
- Pålegg om opprydding eller dekning av kostnader til andre ved opprydding følgjer av forureiningslova § 37 1.ledd.
- Straffeansvar for forureining eller forsøpling framgår av forureiningslova §§ 78 og 79.

**Ved all vidare kontakt i saka ver vennleg og referer til saksnr: 21/1922.**

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Ove Rasmussen

Hestnesvegen 124

5919

FREKHAUG